

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Seniorrådgjevar Jorunn Fosse Fidjestøl

fmsfjfi@fylkesmannen.no



Dykkar ref. : Jorunn Fosse Fidjestøl

Vår ref. : Ove Gjerde

Dato : 22.04.2016

**Fyllingsnes Fisk/Eide Fjordbruk
– Dispensasjon Lokaliteten Ospeneset Lindås kommune.
Kommentarar/Tankar i høve merknader/klagar frå oppsitjar Per K Teige mfl.**

Dokument (vedlagt)

1. Per Kristian Teige, Brev/straumpost til Lindås kommune, dagsett 14.09.2015 - *Merknader til søknad etter akvakulturlova – Utviding av akvakulturanlegg lokalitet Ospeneset*
2. Fylkesmannen i Hordaland – Attendemelding til Per Kristian Teige, dagsett 14.04.2016 – *Klage på feil plassering og støyforurensning fra oppdrettslokaliteten Ospeneset i Lindås kommune*

Dokument (ikkje vedlagt)

Jamfør Dykkar oversending av 08.04.16 og dokumenta som låg ved der.

Historikk

Me ynskjer innleiingsvis å takka for at De gjev oss høve til å få innsyn i og moglegheit til eventuelt å kommentera framføringane i dokumenta som Per K Teige har sendt m.a. Dykk, i samband med at De som Settefylkesmann handsamar ovannemnde sak.

Me har i tillegg henta ut eit dokument/straumpost via postlista til Lindås kommunen, som også Teige har sendt i saka som gjeld Ospeneset – *Merknader til søknad etter akvakulturlova – Utviding av akvakulturanlegg lokalitet Ospeneset*, dagsett 14.09.2016 (**Dokument 1**).

Tiltakshavar har også oppretta kontakt med Fylkesmannen i Hordaland (FMHo), som i brev dagsett 14.04.2016 - *Klage på feil plassering og støyforurensning fra oppdrettslokaliteten Ospeneset i Lindås kommune (Dokument 2)* har handsama sendingane frå Teige fl.

Status

Innleiingsvis vil me merkja at det er svært beklageleg at det i «lengre tid» har versert fleire «klageskriv» i saka, utan at me som tiltakshavar har visst om og fått høve til å koma med merknader/kommentarar.

Straks De gjorde oss merksame på dokumentasjonen frå Teige, tok me per telefon kontakt og signalisert ynskje om eit raskt dialogmøte med han. Teige har ikkje hatt høve til å prioritera dette innan fristen for å gi attendemelding til Dykk (22.04.).

Dialogmøtet er no avtalt og vert arrangert måndag fk. 25. april om ettermiddagen. Agendaen for dialogen er å «ta tak i» dei ulike utfordringane som Teige mfl. fører fram, samt via ein konstruktiv måte koma fram til vidare samarbeid til det beste både for nabolaget og matproduksjonen i sjø, som me driv i området.

Teige mfl. vil sjølv sagt også verta invitert til besøk lokaliteten Ospeneset, der me ynskjer å visa både anlegget/flåten og elles det som måtte vera av ynskje for å opplysa saka ytterlegare.

Tiltakshavar sine kommentar til innhaldet i dokumenta frå Teige mfl.

Me syner til FMHo si attendemelding i saka (dokument 2).

Ut over dette, og slik De skal handsama saka som Settefylkesmann har me pt. ikkje særlege merknader til innhaldet og eventuelle «påstandar», som pt. er relevante i saka.

Me har invitert til dialog og ynskjer å fokusera på fakta for vår godkjente matproduksjon i området, samt at me tek til vitande at FMHo har svara på, og lagt ein mal for vidare handsaming av reelle fakta som eventuelt der kjem fram.

Plattforma/flåten som høyer til lokaliteten er heilt ny og er bygd på eit moderne konsept, der den mest oppdaterte og framtidsretta teknikk er nytta.

Fyllingsnes Fisk/Eide Fjordbruk har i samarbeid med BKK arbeid på gang for å føra fram landstraum til lokaliteten, noko som på sikt ytterlegare vil fokusera drifta på ein endå meir miljøretta måte. BKK arbeider med dette og me vonar at kraftleverandøren har ei løysning på plass så snart som mogleg.

Oppsummering

Me vonar at De no set inn ressursar for å slutthandsama den konkrete saka som De, som Settefylkesmann skal fullføra. Samstundes syner me til dei momenta/tilleggsopplysingane som me førte fram i sammøtet som me hadde hjå Dykk i Leikanger 26.02.2016 og vonar at saka kan avsluttast snarast mogleg, slik at me kjem vidare.

Lukka til!

Vensam helsing
Eide Fjordbruk AS



Ove Gjerde

Samfunnskontakt
ove.gjerde@efb.no

Kopi:

Per Kristian Teige
Fiskeridirektoratet
Lindås kommune v/Christian H Reinshol
Fylkesmannen i Hordaland v/Tom N Pedersen

per.kristian.teige@ttsgroup.com
postmottak@fiskeridirektoratet.no
Christian.Reinshol@lindas.kommune.no
fmhotnp@fylkesmannen.no